

Kunstverk søkjer lesar

Den prislønte bømlingen Bjørn Sortland har saman med illustratøren Paul Dikker skapt eit lite meisterverk



bok biletbok

Bjørn Sortland og Paul Dikker (ill.)
«Alt det som er»
Aschehoug

Eit høgdepunkt, ganske enkelt

NOKRE GONGER veit eg ikkje kva ord eg skal bruke. I møte med biletboka «Alt det som er» kunne eg eigentleg tenkje meg å halde kjeft. Uansett ordval, vil eg kome til å redusere lesaropplevinga mi.

La oss halde oss til fakta: Bjørn Sortland er ein av Noregs dyktigaste og mest produktive barne- og ungdomsbokforfattarar, og han veit å velje seg illustratørar. I fjor blei «Det hjertet husker», illustrert av Hilde Kramer, nominert til Brageprisen, og hans andre illustratør i 2009, Marvin Halleraker, vann Kulturdepartementets illustrasjonspris for «Halleluja». Sortlands biletbøker er kunstverk – noko mindre er neppe den kunstinteresserte forfattaren nøgd med – og «Alt det som er» er eit førebels høgdepunkt.

PAUL DIKKER er nederlandsk biletkunstnar, og dei siste åra har han vore gjestekunstnar på USF Verftet i Bergen, der også Sortland har skrive stua si. Måleria til Dikker,

i olje eller akryl, er først og fremst eit spel på fargeflater og lys. Han malar store opne rom, med enorme avstandar, anten dei viser oss norske fjordar eller aude gater. Husa og menneska hans ser einsame ut, små og langt vekke i desse breie, og tilsynelatande tredimensjonale landskapa med usannsynleg lysande flater.

DEN EINSAME og overveldande kjensla har Sortland tatt med seg frå bileta og inn i teksten – for i dette samarbeidet kom fleire av måleria før orda. Hovudpersonen og eg-forteljaren er ubåtkaptein i marinen, og han skal bli far. Han er full av uro for og lengsel etter den kommande fødselen. Han er redd for å miste kontrollen, og den einaste han tør tru seg til er den ufødde sonen.

Sjølv om dette er ei bok om å få barn, skriven til ein ufødd son, er det ikkje ei barnebok. Og sjølvsagt om utgivinga er støtta av «Leser søker bok», er det heller ikkje tilrettelagt litteratur. Her fins inga handling, ingen identifikasjonsfigurar, eller tradisjonell spenning, som den uerfarne lesaren kunne ha støtta seg på. Tekst og bilete er begge opne, gåtefulle landskap, der vi blir inviterte inn, men deretter overlatne til oss sjølve. «Alt det som er» er ei bok å fortape seg i, men skal ein tørre å sleppe taket, bør ein først vere trygg som lesar.

PETRA J.
HELGESEN